

Nr. 4-2016, årgang 51.

KYRKJEBLAD

for Kviteseid, Vrådal, Brunkeberg, Fjågesund og Kilen.



Dramaet Brand av Ibsen blei sett opp i Kviteseid kyrkje i haust. Her ser vi ei scene frå giftarmålet mellom Agnes og Brand.

Side 4: Les om skodespelet Brand.

Side 7: Kyrkjelyden inviterer til kyrkjelydstur.



Kyrkjetrappa

Kyrjekontoret i Kviteseid
Tlf. 35 06 81 31
Kviteseidgata 13, 3850 Kviteseid



Jan Haugen
Kyrkjegardsarbeidar/
kyrkjetenar
Mobil tlf. 91 12 02 48
kyrkjetenar@kyrkjetrappa.no



Kristen Salmelid
Kyrkjeverje
Kontor tlf. 35 06 81 31
Mobil tlf. 97 04 78 60
kyrkjeverge.kviteseid@
kyrkjetrappa.no



Svanhild Fidjeland
Kyrkjelydssekretær
Kontor tlf. 35 06 81 28
post@kyrkjetrappa.no



Rune Lia
Sokneprest (vikar)
Kontor tlf. 35 06 81 32
Mobil tlf. 90 98 08 03
sokneprest.kviteseid@kyrkjetrappa.no



Eilev Erikstein
Prostidiakon, 3880 Dalen
Mobil tlf. 91 11 35 80
eilever@online.no



Dagfinn Køhn
Organist
Kontor tlf. 35 06 81 48
kantor.kviteseid@
kyrkjetrappa.no



Håkon Heggveit
Kyrkjegardsarbeidar/
kyrkjetenar
Mobil tlf. 91 18 37 50

Om bladet

Ansvarleg redaktør: Rune Lia
Framsidedfoto: Olav Mosdøl
Kyrkjefoto på framsida: Leif Jamtveit
og Niklas Karlsen
Passfoto: Kurt Nødland
Utforming: Niklas Karlsen
Trykk: Erik Tanche Nilssen AS
Bladet er trykt på resirkulera papir.

Bankgiro:
Kyrkjeblad for Kviteseid,
3850 Kviteseid
Kontonr. 2660 10 30615

Tenk om det er sant!

«Eg skulle gjerne ha sett andletet på mannen og møtt han som skreiv dette. Forteljinga om Jesu fødsel er det vakraste som er skrive. Det er det tettaste, knappaste og det vakraste», sa den verdskjende svenske forfatternen Pär Lagerkvist i ein samtale med Jakob Weidemann ein sein nattetime i Roma. Så legg han til: «Tenk om det er sant!».

Ja, tenkt om det er sant at Gud vart menneske! Så har Gud tala høgt om det å vere menneske. Han er blitt som ein av oss. Salmediktaren Olof Hartmann har sagt om juleevangeliet: «Viss dette er sant, finns det ikkje lenger einsemd og forbanning i det menneskelege, for då har Gud valt å bu hos dei utestengde og foreina seg med vår lagnad i mørkret. Då kan du høyre pusten hans også der rådvilla bur, om du berre har evangeliet hos deg.»

Viss det er sant, har vi fått det beste eksempelet på kva det vil seie å vere eit heilt menneske. Jesus har vist oss korleis vi skal leve eit ekte menneskeleg liv. Ingen har levd eit så heilt menneskeleg liv som han. Å vere menneske er ikkje framand for Gud. Han kjenner oss og veit kva det er å vere menneske. Han har kome nær oss gjennom eit lite barn i ei krubbe. Tenk om det er sant? Då har Gud vist seg i vår verd. For augo våre, for øyro og for hendene våre har han vist kjærleiken sin slik verda aldri før har sett. Eit av vitna uttrykkjer seg slik: I dette vart Guds kjærleik openberra mellom

oss, at han sende sin einborne Son til verda så vi skulle ha liv ved han. (1. Joh. 4,9).

Tenk om det er sant at barnet i krubba er teiknet på at verdas frelsar er fødd! Ikkje ein politisk frelsar, ikkje ein militær frelsar, men ein frelsar som kjem som eit vanleg menneske, som ein av oss, samstundes som han er heilt ulik oss. Då er han, den einaste som kan opne porten til himmelen for oss, komen. Han er komen som ein sårbar frelsar utan livvaktar, som eit forsvarsløyst lite barn. Han kjem ikkje for å imponere med makt, men for å nå like inn til oss. Då har Gud vist at han verkeleg ønskjer å kome nær kvart menneske.

Tenkt om det er sant at Messias kom julenatta, med hyrdingane og heile himmelen som dei første vitna! At himmelen den natta vart fylt med ein song dei aldri før hadde høyrte maken til. Då er alle løfta i Det gamle testamentet oppfylte. Då har livet vårt brått fått ei retning. «Tru på meg», sa han som vart lagt i krubba. «Det var difor eg kom».

«Forteljinga om Jesu fødsel er det vakraste som er skrive. Det er det tettaste, knappaste og det vakraste. Tenk om det er sant!»

«Eg trur på Jesus Kristus, Guds einborne Son, vår Herre, som vart avla ved Den Heilage Ande, fødd av Maria møy.»

Jolehelsing frå Stein Reinertsen, biskop i Agder og Telemark

BRAND i Kviteseid kyrkje

Av Olav Mosdøl

Soknerådet i Kviteseid fekk våren 2016 førespurnad frå Teater Ibsen om å setje opp Henrik Ibsens dramatiske dikt Brand i Kviteseid kyrkje. Dette hadde samanheng med at teateret hadde utforma den sterke teksten med bibelske referansar, til moglege framføringar i kyrkjerom. Teateret ønskte å vise stykket i fleire kyrkjer i Telemark. Etter grundige drøftingar sa Kviteseid 'ja' til framføring 8. november.

Det vart òg bestemt oppfølging gjennom ein ettersamtale om Brand, med skodespelarane på Waldenstrøm kafé. Brand er eit drama i verseform som Henrik Ibsen (1828-1906) gav ut i 1866. Teksten var tenkt som eit episk dikt; ein kritikk mot Noreg som svikta Danmark i tyskarkrigen i 1864. Men i sine viktige Roma-åra forma Ibsen teksten til eit høgdramatisk diktverk. Han ville vise nordmennene korleis ein mann skulle vere. Det blei eit drama om kallet; og om kravet til haldningar og gjennomføringskraft i våre liv.

Ei sterk framføring

Teater Ibsen hadde lagt ut omlag



Brand preikar ut sine kravstore ideal.

100 billetter til framsyninga, og Kviteseid kyrkje var fullsett 8. november. Gjennom lyssetjing, romorganisering og regi blei publikum ført inn ein markert opplevingssfære. Den gav kyrkjerommet ein ny og særprega dimensjon. Publikum merka forventninga ved inngangen. Gjennom Kåre Nordstogas orgeltonar vart vi i første akt ført i møte med dei tre hovudpersonane: Agnes, Einar og presten Brand.

Den unge presten er på heimveg i eit landskap med fjell og dalar. Brand går over ein isbre før han kjem til bygda han voks opp i. Han møter Agnes og kunstmålaren Ein-ar, som er ein skulekamerat. Dei to drøftar livssituasjonar og biletet av Gud. Brand avslørar høge ideal og eit strengt gudssyn, mens den unge Agnes står tankefull i bakgrunnen.

I andre og tredje akt opplever vi hungersnaud i bygda og viktige livsval for Agnes og Brand. Futen deler ut små matrasjonar, men Brand refser mannen for hans arbeidsmåte og haldningar. Brått kjem det bod om akutt prestehjelp frå andre sida av fjorden. Men i uvêret stiller ingen opp – utan Agnes. Så møter Brand mor si, som han klagar for å vere kravstor og pengegrisk: «Å minnes du så nær din grav at sjelen du på kjøpet gav.» Likevel går han inn i prestekallet i bygda, og Agnes blir kona hans. Etter tre år har dei fått sonen Alf. Men klimaet er usunt. Guten blir dødssjuk, og doktoren ber dei flytte. Brand kjempar med eit stort val: prestestillinga eller livet til sonen. Han tvingar Agnes til å velje, så ho må seie: «Led meg gjennom livets gys.» Sonen døyr.

I fjerde og femte akt ser vi at Agnes og Brand blir i bygda. Vi opplever den tyngjande einsemda i prestegarden og at dei fører ein

personleg kamp, kvar på si side. Agnes kjenner seg sviken etter Alfs død. Brand satsar på sitt kall ved å byggje ei større kyrkje av morsarven. Han krev òg at Agnes må ofre alle minna etter sonen – tøyet og den vesle dåpslua til barnet. Til slutt er offeret gitt. Agnes kan seie seg fri frå alt, for ho skal døy snart.

Frå sluttsekvensen av Ibsens Brand veit vi at presten har fått bygt si nye kyrkje, men han merkar at noko er galt. Kyrkja gjev ikkje den forløysing og tilslutning han venta. Situasjonen endrar seg. Futen og folket reiser seg mot han; dei vil ikkje ha han som sin prest. Brand blir jaga innover vidda. Under isbreen og den overhengande snøfonna opplever han erkjenninga og tvil: Strekk ikkje manneviljen til – likevel? Så blir Brand teken av eit stort snøskred, og det lyder ei røyst gjennom drønnet: «Han er deus caritatis.»

Gjennom kyrkjeframføringa til Teater Ibsen har instruktør Ida Høy valt ei anna avslutning. I teaterfoldaren har ho sagt det slik (nynorsk omsetjing): «I denne omarbeidinga og oppsetjinga har eg prøvd å ta vare på det monumentale, understreke dei religiøse aspekta, og samtidig gje rom for ibuande tolkingsgrunnlag som er i teksten.» Vi møter ein Brand, som vil reise ei kyrkje i naturen. Der vil



Samling på Waldenstrøm kafé: F.v.: Thomas Bye, Line Staheimsæter, Kåre Nordstoga.

han forkynne at 'Gud er kjærleik'. Dette opnar for ei vidare tolking av dramaslutten: Erkjenning av at manneviljen ikkje strekk til. Eller: Den som vil søkje, finn ein kjærleg Gud.

Epilog

Etter framføring i kyrkja var ei gruppe på 15 personar samla på Waldenstrøm kafé. Sokneprest Rune Lia og prostidiakon Eilev Erikstein leidde samtalen der 3 aktørar frå Teater Ibsen stod sentralt: Thomas Bye (Brand), Line Starheimsæter (Agnes), Kåre Nordstoga (organist).

Lia og Erikstein takka for den sterke og gjennomarbeidde framføringa i Kviteseid kyrkje. Så slapp skodespelarane til. To-tre synspunkt er viktig å nemne. Teatersjef Thomas Bye sa m.a.: Brand blir av mange sett på som ein fun-

damentalist. Men eg ser på han som ein idealist og tolkar han slik i rollen. Han er eit menneske som verkeleg er til, og som følgjer si overtyding til siste slutt. Når Ibsen straffar hovudpersonen så hardt i dramaet, kan ein spørje: Er idealisten dømt til å tape?

Line Starheimsæter og Kåre Nordstoga kom inn på bodskapen og musikken. Det blei nemnt at Ibsens verk verkeleg talar til folket gjennom framføringa. Brand er ein tekst med bibelske dimensjonar og assosiasjonar. Den krev mykje av spelarar og publikum, av kyrkjerommet og orgelmusikken i kyrkja. I så måte var Kviteseid kyrkje ein framifrå speleplass. Her fekk ein oppleve nærleiken til livsstriden og truskampen hjå presten Brand. Han meiner at mennesket trur for smått, og lever for smått.

KYRKJELYDSTUR TIL NIDAROSDOMEN OG SPELET OM HEILAG OLAV


27.07. – 01.08.2017

Kyrkjelyden arrangerer kyrkjelydstur til Nidarosdomen og spelet om Heilag Olav til Olsok sumaren 2017. Her er informasjon om turen og korleis du kan melde deg på. Midtsidene kan trekkjast ut, slik at du kan ha med deg programmet.

DAG 1: torsdag 27.07.2017

TIL DOMBÅS


Avreise frå Kviteseid kl.08.00 med buss. Lunsj på Granavolden Gjestgiveri. Søsterkirkene på Gran. Vitjing hos kunstnar Borgny Svalastog på Lillehammer. Middag og overnatting på Dombås hotell.



DAG 2: fredag, 28.07.2017

PILEGRIMVANDRING

Frokost på hotellet. Fokstugu (gammal skysstasjon) og Guds Huset. Vandring i pilegrimsleden på Dovrefjell. Lunsj undervegs. Lengde på vandringa tilpassast kvar enkelt. Eysteinkyrkja på Hjerkin. Buss til Trondheim og overnatting på hotell sentralt i Trondheim. Middag etter eige ynske, på hotellet eller i byen.



DAG 3: lørdag, 29.07.2017

STIKLESTAD OG SPELET OM HEILAG OLAV

Frokost på hotellet. Trondheim. Lunsj på eiga hand. Buss til Stiklestad. Stiklestad kirke. Stiklestad nasjonale kultursenter. Middaldergården Stiklastadir. Folkemuseet. Middag. Spelet om Heilag Olav. Buss tilbake til hotellet i Trondheim.



DAG 4: søndag, 30.07.2017
NIDAROSDOMEN

Frokost på hotellet. Gudsteneste i Nidarosdomen. Erkebisppegården, evt. kronregaliane. Lunsj i Tyholtårnet. Besøk i «Brakka» på Lerkendal, Rosenborg. Godfotteorien. Buss til Røros, Bergstaden Hotell (i sentrum). Middag etter eige ønske, på hotellet eller i byen.



DAG 5: mandag, 31.07.2017 RØROS OG FEMUNDSMARKA


Frokost på hotellet. Røros kirke. Vandring i Røros gater / Rørosmuseet-Smeltehytta. Buss til Femunden. Båttur over Femunden til Elgå. Lunsj på båten. Femundsmarka. Trebåtkultur. Sør-samisk senter. Middag i gamle på samisk vis. Overnatting på Femunden fjellstue, Elgå



DAG 6: tirsdag, 01.08.2017

**ELGÅ OG ENGERDAL – OG
HEIM TIL KVITSEID**

Frokost på fjellstua. Elgå kirke. Buss til Engerdal. Møte med Gjermund Eggen. Lunsj i Engerdal prestegard. Buss til Kviteid, heime seint tirsdag kveld.





Pris per person omlag	v/ 30 betalande:	7.500,- kr.
	v/ 35 betalande:	7.200,- kr.
	v/ 40 betalande:	6.950,- kr.
	v/ 50 betalande:	6.600,- kr.
	Tillegg for enkeltrom;	1800,- kr.

Reiseleiarar:

Rune Lia, 90 98 08 03, sokneprest.kviteseid@kyrkjetrappa.no
Dagfinn Køhn, 35 06 81 48, kantor.kviteseid@kyrkjetrappa.no

Påmelding til reiseleiarane.

Atterhald om mindre endringar i programmet.
Arrangør er Kviteseid sokneråd, i samarbeid med LB-TUR

LB-TUR

Nesjarveien 1
3961 Stathelle
Telemark

E-post: lbtur@lbtur.no
Telefon: 35 99 65 55
www.lbtur.no



Nytt frå kyrkjeverja

Fotografering av gravminner

I april-mai 2017 vil alle gravsteinar i Kviteseid bli fotografert. Det er difor fint om gravminna tar seg godt ut. Det er eit poeng at dei blir fotografert før blomar og gras veks til, for då visast steinen betre.

Vi oppmodar familie / pårørande / festere til å sjå om steinen ser fin ut, ikkje er for mosegrodd eller tilgrodd på anna vis, og at skrifta er leseleg.

Bileta vil bli lagt ut på slektsgranskingsider på <http://www.dis-norge.no/gravminner/>, og vil vera søkbare. Dette er eit samarbeid mellom Dis Norge, Historielaget i

Kviteseid og Kviteseid sokn.

Leiarskifte i soknerådet

På møtet i soknerådet den 9. november blei Hans Kristian Aabø vald som ny leiar etter Håkon Birkeland. Håkon overtok som nestleiar etter Inger Lise Berge. Vi takkar dei avtroppande for god innsats og godt leiarskap det siste året.

Ny lysing etter fast prest

Ny lysing ligg ute nå i desember. Det er mangel på prestar i Norge, og Kviteseid er berre ein av mange som er på leiting. Vi er takksame for å ha Rune Lia som vikarierende sokneprest mens vi venter.

Om gudstenesta

Evangelieprosesjon

Lesinga av evangeliet gjer det på ein særleg måte tydeleg at Jesus Kristus er til stades i gudstenesta. Her i Kviteseid har me difor eit tid nytta evangelieprosesjon ved lesinga av evangeliet. Dette er eit liturgisk uttrykk for at Kristus kom til jorda og «tok bustad mellom oss» (Joh 1,14), og er midt iblant oss (Matt 18,20). Mens kyrkjelyden reiser seg og syng eit hallelujaomkved, bærast Tekstboka frå lesepulsten og ned i midten av kyrkjelyden. To lysbærarar (ministrantar) kan gå på kvar si side av den som bærer boka, og slik følgje Ordet både når

Tekstboka bærast ned, når teksten lesast, og når boka bærast tilbake (jf. Sal 105, 119 og Joh 8,12). Boka vert løfta høgt, og alle rørsler skal vere tydelige.

Nokre kyrkjelydar føretrekk at den som les, ikkje går for langt ned i kyrkjerommet, og les evangeliet vendt mot kyrkjelyden. Andre kyrkjelydar ynsker å utnytte kyrkjerommet ved at den som les, går langt ned i kyrkja og vender seg framover, for på det viset å vere vendt mot kyrkjelyden. Her i Kviteseid nyttast den siste varianten, for å understreka at Ordet «tok bustad mellom oss».



Rosmåla kyrkje i Bykle.

Det kima ei klokke

Av Olav Mosdøl

Klokka seks var dei i kyrkja, Olav og far. Dei stod med klokketauet mellom seg. For fyrste gongen, dei to åleine. Olav var berre sju år, og han syntest den gamle kyrkja var så spennande. Her var gamle

stokkar frå Svartedaudens tid.

Rosemåling på veggene. Ein engel under taket. Ringjetau heilt opp til kyrkjeklokka. - Her har folka våre gått inn og ut gjennom hundreår, sa far.

Olav måtte stå på ein benk for å nå opp til tau-ringene saman med far. Han var ringjar denne jolekvelden og kjende rytmen i kroppen; merka ei sugande lyfting kvar gong tauet drog seg tilbake. Opp og ned, opp og ned. Han skimta korveggen i bakgrunnen.

- Sjå far! Olav hekk i tauet og peika.
- Det flyg liksom noko der inne.
- Berre skuggar, smilte far.
- Dei liknar no mykje på englar. Ein stor og ein liten, meinte Olav.
- Eg trur dei svevar slik. Att og fram, att og fram.
- Dei er nok to, for dei vil ikkje vera åleine, dei heller.

Etter ein halv time måtte dei opp i tårnet og kime. Fyrst klatra dei opp ei bratt trapp. Så var det å krype gjennom ei luke i taket. Hu, for eit mørkeloft. Litt skummelt. Far kom etter med parafinlykta. Dei skimta takbjelkar og sperrer i mange retningar; tjukke treplankar i himlinga. Og der oppdaga dei nokre rare ord på kyrkjeklokka, som dei skimta i ljuset: *Si Deus pro nobis, quis contra nos.*

- Dersom Gud er med oss, kven er då imot oss, kviskra far.

Dei steig nærare klokka og gjorde seg klar. Putta godt med bomull i øyro og drog skinnluene ned. Så såg dei på kvarandre, før far førte Olavs hand oppover mot klokka.



Kyrkjeklokka.

- Så rart, tenkte Olav då han lyfte kolven og slo.

Det var inga lita messingbjølle som klang i jolenatta. Olav kjende det steig ei veldig bylgja frå hendene hans. Frå kyrkjeklokka. Frå kyrkja heime. Klangen steig frå kyrkjetårnet. Utover gardane. Oppover liene. Bortover heiane. Han kima for far og mor. Han kima for Jesus-barnet. Han kima for heile verda.



Døypte

Kviteseid: Alina Maria
Bonachea-Kåsi.
Nora-Sofie Jamtveit.

Gravlagde

Vrådal: Thorleif Johannes
Lauvnes.

Kviteseid: Anne Lindestad.
Aslaug Marie
Tormodsvik.

Brunkeberg: Bjarne Råmunddal.

Oppslagstavla

Føremiddagstreff

Våren 2017 vert det føremiddagstreff på Misjonshuset kl.11 følgjande onsdagar:
25.januar, 22.februar, 29.mars og 26.april.

Småbarnstreff

Det er småbarnstreff /babysang med matpakkelunsj på Misjonshuset kvar torsdag kl.10-12, utanom skuleferiane. Siste gong før jul er 15.desember, og det startar opp att 5. januar.


Meir himmel på jorda

Jan Einar Eng til minne

Av Olav Mosdøl

Ein markant personlegdom i Kviteseid har gått bort. Jan Einar Eng vart fødd i Skudeneshavn på Karmøy 09. februar 1947. Han kom til Kvitsund som rekneskapsfører i 1968 og fekk gjennom åra ein variert yrkespraksis på mange arbeidsfelt i Kviteseid. Alle kalla han berre «Jan Einar»; ein mann som vart eit positivt uttrykk for innsats, velvilje, omsorg og kristen tru. Jan Einar fekk ein alvorleg sjukdom som blei konstatert i 2011. Han døydde 31. juli og vart gravlagd frå ei fullsett kyrkje i Kviteseid 05. august 2016.

I Kviteseid møtte han Liv Grete Nørstrud. Dei gifte seg i 1971 og fekk døtrene Gunvor Merethe (f. 1972) og Silje Gunlaug Yun (f. 1981). Jan Einar gjekk raskt inn i Nørstrud-forretninga og tok del i arbeidet med å utvikle bedrifta. Med sitt milde vesen og sin sosiale legning kom han etter kort tid til å bli ein sentral del av livet i Kviteseid sentrum. I åra frå 1994 til 2011 var Jan Einar Eng kyrkjeverje i Kviteseid; den første tida i kombinasjon med forretningsdrift, seinare i full stilling. På dette feltet la han grunnlag for å forme gode kontorrutinar og skape eit triveleg arbeidsmiljø. Heilt frå Jan Einar kom til Kvit-



Jan Einar Eng utafor Kviteseid kyrkje
sund var han engasjert i kristeleg arbeid. Han gjekk inn i bibelgrupper, sundagsskule og yngresforening. I over 30 år hadde han leiaransvar i Kviteseid Normisjon, som var knytt til det nye Misjonshuset i Kviteseid. Huset vart innvigd i november 1990. Jan Einar var ein sentral organisator og inspirator i byggingsarbeid og finansiering. Han var også aktivt med i Kviteseid KrF, i kommunestyre og formannskap, i næringslag og styret i Arbeidssamvirke. For sin store innsats i kultur og lokalsamfunn fekk Jan Einar Eng i 1996 kulturprisen i Kviteseid kommune.

Foto: Olav Mosdøl

Returadresse:
Kyrkjekontoret
Kviteseidgata 13
3850 Kviteseid

Gudstenester

DESEMBER

Sun. 11. 3. s. i advent Matt 11,2-11
Kviteseid kl.18. Adventskonsert. Rune Lia.
Ofr. Rachel Trovis arbeid.

Sun. 18. 4. s. i advent Luk 1,46-55
Kilen kl.16. Gudsteneste. Øyvind Jørgensen.
«Eit annleis jolebord».
Ofr. Kirkens Bymisjon.

Laur. 24. Jolaftan Luk 2,1-20
Fjågesund kl. 13. Gudsteneste. Rune Lia.
Ofr. Rachel Trovis arbeid.
Vrådal kl. 14.30. Gudsteneste. Rune Lia
Ofr. Kirkens Nødhjelp.
Brunkeberg kl. 15. Gudsteneste. Asgeir Sele.
Ofr. Kirkens Bymisjon.
Kviteseid kl. 16. Gudsteneste. Rune Lia.
Ofr. Kirkens Nødhjelp.

Sun. 25. Joledag Joh 1,1-14
Kviteseid kl. 11. Gudsteneste. Rune Lia.
Kyrkjekoret. Nattverd. Of. Det
Norske Misjonsselskap.
Vrådal kl.13. Gudsteneste. Rune Lia.
Nattverd. Of. Det Norske
Misjonsselskap.

JANUAR

Sun. 1. Nyårsdag Luk 2,21
Kviteseid kl.11. Gudsteneste. Rune Lia.
Nattverd. Of. Kyrkjelydsarbeidet.

Sun. 8. Kristi openberringsdag Matt 2,1-12
Brunkeberg kl.11. Gudsteneste. Rune Lia.
Nattverd. Of. Stefanusalliansen.

Sun. 15. 2. s. i openberringstida Matt 3,13-17
Kviteseid kl.11. Familiegudsteneste. Rune Lia.
Dåp. Kviteseid Barnegospel.
Ofr. Kirkelig pedagogisk senter (IKO).

Sun. 22. 3. s. i openberringstida Joh 2,1-11
Inga gudsteneste.

Sun. 29. 4. s. i openberringstida Luk 18,35-43
Vrådal kl.11. Gudsteneste. Rune Lia.
Kyrkjekoret. Of. Kyrkjelydens
trusopplæringsarbeid.

FEBRUAR

Sun. 5. 5. s. i openberringstida Mark 2,1-12
Kviteseid kl.11. Gudsteneste. Rune Lia.
Sundagsskule. Nattverd.
Ofr. Kyrkjelydens misjonsprosjekt.

Sun. 12. Sámannssundagen Luk 8,4-15
Fjågesund kl.11. Familiegudsteneste. Bibeldagen.
Rune Lia. Unge Røyster. Utdeling av
dåpsgaver til 1-3åringar.
Ofr. Bibelselskapet.

Sun. 19. Kristi forklæringsdag Matt 17,1-9
Inga gudsteneste

Sun. 26. Fastelavnsundag Joh 17,20-26
Brunkeberg kl.11. Gudsteneste. Rune Lia.
Ofr. Kyrkjelydsarbeidet.

MARS

Sun. 5. 1. s. i fastetida Matt 4,1-11
Kviteseid kl.11. Gudsteneste. Rune Lia.
Sundagsskule. Nattverd.
Ofr. Menneskeverd.

Sun. 12. 2. s. i fastetida Matt 15,21-28
Vrådal kl.11. Gudsteneste. Rune Lia.
Nattverd. Of. Den Norske
Israelsmisjon.

Sun. 19. 3. s. i fastetida Luk 11, 14-28
Kviteseid kl.11. Familiegudsteneste. Rune Lia.
Unge Røyster. Of. Kyrkjelydens
trusopplæringsarbeid.

Ons. 22. Taizégudsteneste
Kviteseid kl. 19.30. Rune Lia. Kyrkjekoret.

Sun. 26. Maria bodskapsdag Luk 1,26-38
Inga gudsteneste

APRIL

Sun. 2. 4. s. i fastetida Joh 11,45-53
Kviteseid kl.11. Gudsteneste. Rune Lia.
Sundagsskule. Nattverd. Of. KIA.